



Nordplan as
Apotekergata 9a
6004 ÅLESUND

Dykkar ref.:

Vår ref.:

11/00020-004 411

Vår sakshandsamar:

Jostein Garcia de Presno

Dato

24. mars 2011

Uttale frå kyrkjeverja i Haram om planprogrammet for Hamnsundsambandet

Eg takkar for det tilsendte brevet frå Nordplan med kunngjering av offentleg ettersyn av planprogram. Det er rett og godt at kyrkja er gitt høve til å kome med uttale, sidan fleire av dei framlagde trasé-alternativa er i nærleiken av Hamnsund kyrkje og gravstad. I tillegg til denne uttalen frå kyrkjeverja, er det òg lagt ved ein uttale frå Hamnsund sokneråd, som på sjølvstendig grunnlag har handsama saka. Ved gjennomlesing av planprogrammet, ser eg at det er lagt opp til ein grundig og brei prosess vidare med konsekvensutgreiing og høyring, som det høver seg ved slike store prosjekt. Eg håpar denne prosessen vil klare å famne alle dei omsyna som kjem fram.

Som det går fram av planprogrammet, er formålet med sjølve planprogrammet mellom anna å:

- Avklare problemstillingar som er vesentlege for miljø, naturressursar og samfunn, og
- Fastsette utgreiingstema i konsekvensutgreiinga.

Vidare heiter det at "formålet med planprogrammet er tidleg medverknad og avklaring av viktige omsyn i planarbeidet." I tråd med dette, vil denne uttalen difor primært dreie seg om å på eit tidleg tidspunkt gi uttrykk for kyrkja si bekymring for den planlagde traséen i Hamnsundet, og løfte det fram som eit særskilt viktig omsyn og utgreiingstema i den vidare drøftinga av vegprosjektet.

Dei aktuelle traséane i Hamnsundet

I følgje planprogrammet er det 4 alternativ som framleis vurderast som aktuelle. Desse kallast V2, V3, E1 og E3. Av desse 4 alternativa, gjeld det for 3 av dei (V2, V3 og E1). at den planlagde traséen inn til Hamnsundet går rett forbi kyrkja. Det fjerde alternativet, E3, planlegg at tunnelpåhogget skal kome opp ved hurtigbåtkaia. I dette høve er det uttrykt behov for veg til Store Kalvøy, men det er ikkje gjort nærare greie for kvar den vegen eventuelt vil gå, og om den eventuelt vil leggjast i den traséen som er skildra for dei andre alternativa, på nordsida av kyrkja. Dermed er det muleg at kyrkja vert råka same kva for alternativ som til slutt vert valt.

Sjølv om alle alternativa i planprogrammet omtalast som aktuelle i planprogrammet, synast det å gå fram av skildringa at det er E1 som vurderast som det mest aktuelle. Dette går som sagt like forbi Hamnsund kyrkje og gravstad. For Hamnsundet sin del vil det vere same traséen for V2 og V3 som for E1, og sjansen er difor stor for at vegen til tunnelpåhogget vil kome like ved kyrkja. Dette er heilt klart òg det mest negative alternativet for kyrkja sin del. Det er difor dette alternativet som leggjast til grunn for den vidare uttalen.

Konsekvensutgreieing

I planprogrammet er det lagt opp til at den planlagde konsekvensutgreieinga skal ta føre seg ulike typar konsekvensar. Fleire av desse konsekvensane er aktuelle høve Hamnsund kyrkje og gravstad. Desse er kategorisert som:

- 5.5.1.2- Konsekvensar for nærmiljø og friluftsliv
- 5.5.1.3- Konsekvensar for kulturmiljø
- 5.5.1.6- Konsekvensar for trafikale forhold
- 5.5.2.5- Støy og luftforureining
- 5.6.1- Konsekvensar i anleggsperioden

Den vidare uttalen vil nytte seg av desse kategoriane.

Høve 5.5.1.2- Konsekvensar for nærmiljø og friluftsliv, og 5.5.1.3- Konsekvensar for kulturmiljø

Hamnsund kyrkje vart bygd og vigsla i 1875. Gravstaden ved kyrkja vart anlagt på same tid, men har vorte utvida fleire gongar. Den strekk seg frå kyrkja og nedover mot havet, i vestleg retning. Kyrkja er i dag eigd av Hamnsund sokn, og er ein del av Haram kyrkjelege fellelsråd sitt forvaltningsansvar. Kyrkja var frå gamal tid ein del av Borgund prestegjeld, og var gravstad også for ellingsøyarar. Kyrkja ligg i dag godt skjerma på ein kolle, med utsyn over havet og nordøyane.

I planprogrammet, under Konsekvensar for nærmiljø og friluftsliv, heiter det at “ I Hamnsundet må det settast særskild fokus på forholdet til kyrkja og kyrkjegarden.” Vidare, under Konsekvensar for kulturmiljø, heiter det at “Hamnsundet er ein historisk viktig stad ... som kyrkje- og gravstad.” Dette er heilt rett. Hamnsund kyrkje er viktig både som kulturminne, men òg som møteplass for Hamnsund kyrkjelyd i dag. Som kulturminne, på grunn av sin alder og store verdi. Som møteplass, av di det haldast gudsteneste i kyrkja anna kvar søndag. I tillegg er det gravferder, vigslar, konfirmasjonar og andre arrangement i kyrkja gjennom heile året.

Kyrkja og gravstaden ligg i dag særskilt skjerna og usjenert til, i eit spesielt vakkert område. Den planlagde vegtraséen (i følgje alternativ V2, V3 og E1) vil passere like ved kyrkja, mindre enn 50 meter ifrå, og fullstendig øydelegge dette. I planprogrammet omtalast denne traséen på følgjande måte: “ I Hamnsundet går vegen i skjering inn i kollen i nordvestre del. Her følgjer vi eit søkk i terrenget på nordsida av kyrkja. Traséen koplar seg deretter på eksisterande veg og kryss til fv 146. Fordelane med dette alternativet er m.a. at vi unngår direkte nærføring til kyrkja pga nivåforskjeller i terrenget.” (s. 14).

Dei som har skriva dette, kan umuleg ha sett dette med kyrkja sine auge. Å kalle dette alternativet for ein “fordel” for kyrkja er stikk i strid med realitetane. Og å seie at dette er å unngå “direkte nærføring til kyrkja” er ei direkte fornærming. Vegen vil jo verte næraste nabo til kyrkja. Viss ikkje det er “direkte nærføring”, kva er det då? Det synast som at forfattarane av planprogrammet vil få dette alternativet til å verke meir smertefritt og fristande for kyrkja enn det i realiteten vil vere. Kan hende vil det vere betre av mange andre omsyn. Men for kyrkja sin del, lat det vere heilt klart at av alle vegalternativa som er skildra i planprogrammet, er denne traséen den verste og mest øydeleggjande.

Enkelt sagt: Som viktig kulturminne, som fast møteplass for bøn og gudsteneste, som stad for gravferder og sørgjande menneske i sorg og kontemplasjon, vil vegtraséen rett nord for kyrkja vere ei ulukke!

Høve 5.5.1.6- Konsekvensar for trafikale forhold

Parkeringshøva ved kyrkja er per i dag ikkje tilstrekkelege. Ved gravferder, vigslar og høgtidsgudstenester er det difor regelen meir enn unntaket at vegen ned til hurtigbåthavna vert nytta som parkeringsplass. Dette har nokre gongar vore eit stort problem for bussen som skal til og frå havna. Viss traséen like ved kyrkja vert vedtatt, vil det verte eit stort problem for kyrkja høve parkering. Ein kan ikkje sjå at dette forhold er gjort greie for eller nemnt i planprogrammet. Ein kan sjølv sagt ikkje halde fram med å bruka vegen til hurtigbåthavna til parkering viss det vert hovudveg der. Då må det sytast for utvida parkering til kyrkja. Elles vil kyrkja og gravstaden verte ubrukelege til gravferd og ved store gudstenester.

Høve 5.5.2.5- Støy og luftforureining

Kyrkja i Hamnsundet er ikkje av nyare dato, og har verken dobbel- eller trippelglas. Det er enkle vindauger, som ikkje skjermar spesielt godt for støy. I dag ligg kyrkja godt skjerma frå trafikk. Vert det veg tett ved kyrkja, fryktar ein at lydforholda under gravferd, gudsteneste, vigsel og andre arrangement i kyrkja vil verte uuthaldelege. Det er altså ikkje berre personar busett i området som vert råka av vegtraséen, det er ikkje minst også kyrkjegjengarar. Dette vil òg gjelde forureining og svevestøv.

Høve 5.6.1- Konsekvensar i anleggsperioden

Ved ei eventuell utbygging av tunnel og veg i traséen til kyrkja og hurtigbåthavna, må det takast omsyn til framkomst og parkeringshøve til kyrkja. Desse vil verte avkutta ved anleggsarbeid.

Omfang, verdi og konsekvensar

Under 5.5.1 er det antyda at såkalla “ikkje prissatte konsekvensar” skal vurderast etter omfang og verdi. Det er teikna ei “konsekvensvifte” for å vise korleis ein skal vurdere desse konsekvensane. Dette gjerast ved å samanstillе verdien og omfanget som ein konsekvens vil få. I høve forslaget om å la vegen til Hamnsundsambandet passere rett nord for kyrkja, er det klårt og tydeleg at både i omfang og verdi, vil dette slå negativt ut for Hamnsund kyrkje sin del. I omfang, av di traséen vil råka ein stor mengde menneske som er tilknytt kyrkja. I verdi, av di dette utelukkande vil få negative konsekvensar for kyrkja. I følgje konsekvensvifta må dette altså klassifiserast som ein stor, negativ konsekvens.

Val av trasé

For Hamnsund kyrkje og gravstad sin del vil det altså få sær negative konsekvensar om det planlagde Hamnsundsambandet går like ved kyrkja, som skildra i alternativ V2, V3 og E1. Av dei vegalternativa som framleis er aktuelle i følgje planprogrammet, er det E3 som vil vere det minst skadelege for kyrkja sin del. Dette vil syte for ein større avstand mellom kyrkja og vegen høve dei andre alternativa, vil skjerme kyrkja for ein del av trafikken, og vil skjerme gravstaden for støy. Men uansett val av trasé: Sjølv om Hamnsundsambandet utan tvil i seg sjølv vil ha mange positive konsekvensar for regionen og ikkje minst næringslivet, vil dei negative konsekvensane overskygge dei positive for kyrkja sin del. Ein kan difor ikkje sjå at det hittil har vorte sett “særskild fokus på forholdet til kyrkja og kyrkjegarden”, som det heiter i planprogrammet.

På vegner av Haram kyrkjelege fellesråd og med håp om eit betre alternativ,

Jostein Garcia de Presno
Kyrkjeverje i Haram

Vedlegg: Uttale frå Hamnsund sokneråd